




Håvard Stensletten Eik - fornøgd med frammøtet

**Det møtte rundt rekna 50 på barnediskoteket i Helgheim i kveld og det var primus motor og styremedlem Håvard Stensletten Eik (19) godt fornøgd med. Arrangementet var eit prov på at sjølv om dei er svært få i ungdomslaget, gjer dei ein god jobb. Neste diskotek er om ein måned.**




## Yngregruppa på diskoteket

Det er lange tradisjonar som blir ført vidare med diskoteket, men med det noverande opplegget har dei halde det gåande i 4 år.



Dei eldre sviingar seg

Kvelden blir opna av gruppa 1.-4. klasse og det var 30 med der denne kvelden. Neste gruppe er for dei frå 5. til 7. klasse og der møtte det 20.



Fotballspel er populært

Det var visse problemer denne gongen med å skaffa mannskap, men til slutt gjekk det i orden. Til dømes tok Anne Linn Thorkildsen (18) frå Husnes men busett i Bergen, seg profesjonelt av musikken godt assistert av uskedelingen Bente Halvorsen (13)..

Det skal snart haldast kurs for fleire som er villige til å ta eit tak med musikken.



Musikken var det Anne Linn og Bente som tok seg av.

I kjellaren blir det seld brus, pizza, pølser og snop under diskotek-kveldane. Å komma inn på diskoteket kostar berre 30 kroner og det skremmer nok ingen. Samtidig blir det ein slant til drifta av laget. - Men vi treng sårt fleire medlemmar, seier Håvard.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen